

# Vipe i knipe

Vern om vipa i Sogn og fjordane



## Rapport Vipeprosjekt i Sogn og Fjordane 2017-2018

---

Anders Braanaas og Jan Ove Sagerøy

Vipe i Knipe 2017-2018

# Vipe i Knipe

## Vern om vipa i Sogn og Fjordane.

### NOF Sogn og Fjordane

### Rapport Vipeprosjekt i Sogn og Fjordane 2017-2018



Utgjevar: Norsk Ornitoligisk Foreining Sogn og Fjordane  
V/Anders Braanaas, Soknavågvegen 141, 6986 Værlandet

Publikasjonstype: Digitalt dokument (PDF)

Forsidebilde: Vipe på Ånneland i Gulen, Foto: Pascale Baudonnel


Redaktørar: Anders Braanaas og Jan Ove Sagerøy

Foto: Anders Braanaas der anna ikkje er nevnt.

## Innleiing

NOF Sogn og Fjordane (NOFSFJ) har i løpet av dei to siste åra 2017 og 2018 freista å få eit oversyn over førekomsten av vipe i fjordfylket.


Vipa har gått sterkt tilbake i Noreg, og det er estimert ein tilbakegang på hekkebestanden på 75 % dei siste 20 åra (Heggøy & Øien 2014). Arten er no i gruppa Sterkt Truga - EN i den norske raudlista. Ein indikasjon på kor mykje større bestanden av vipe var så seint som i 1990 er ein registrering på Artsobservasjoner ved Hafslovatnet i Luster kommune på 230 viper.



Figur1: Observerte viper i Sogn og Fjordane frå 2010 til 2018. Figuren er henta frå artsobservasjonar.no

Tal observerte viper i SFJ syner ein klar nedgang frå 2010-2018. Sjølv om datagrunnlaget er svakt grunna få observatørar i fylket og uregelmessig rapportering på Artsobservasjonar er trenden i samsvar med den som vert observert andre stadar i landet.

NOFHordaland starta i 2015 prosjektet "Vern vipa i Hordaland". Rapportar frå Hordalandsprosjeketet er tilgjengelege på nett gjennom NOFHordaland sine sider. NOFSFJ ønska å gjere ein innsats for å supplere med oppdatert kunnskap om vipebestanden på Vestlandet gjennom kartlegging i vårt fylke.



Figur 2: NOFHordaland sitt prosjekt «Vern vipa i Hordaland» har vore inspirasjon for vipeprosjektet i NOFSFJ.

## Mål for prosjektet.

Mål for dei 2 første åra var å kartlegge hekkeområde for å kunne drive med aktiv overvaking av dei viktigaste områda som er att i fylket.

Kunnskap om dei gjenverande hekkeområda i fylket vil kanskje gjere det mogeleg å setje i gang tiltak for å betre ungeproduksjonen til dei vipepara som framleis er att.

Mål for Prosjektet "Vipe i knipe" i SFJ er definert i to hovudpunkt.

1. Kartlegge hekkeområde og bestand av vipe i Sogn og Fjordane
2. Bevisstgjering av grunneigarar og eigne medlemmar om korleis vi kan hjelpe vipene til eit godt hekkeresultat.

## Metode og registrering

Styret i NOFSFJ har fungert som prosjektleiing .

Alt av registreringsarbeid rapportering og etterarbeid er gjort på frivillig basis.

Med dei avgrensa ressursane vi har til rådvelde, har arbeidet i første rekke vore retta mot å få oversikt over eksisterande hekkelokalitetar.

Det viktigaste verktøyet er rapporterte funn i Artsobservasjonar. I tillegg har vi oppmoda publikum via Facebook, lokalaviser (t.d. Sogn avis og Bondebladet) og andre fora om å mælda frå om hekkande vipe i fylket. Allereie kjende område vart sjekka av fuglefolk i hekkeperioden.

For å klare å gjennomføre måla våre etablerte vi eit nettverk av rapportørar og kontaktpersonar. Sogn og Fjordane er eit stort fylke med få fugleinteresserte . Det gjer at vi må konsentrere kreftene våre.

Kommune	Kontakt	Kontakt
<b>Eid</b>	Torleif Jakobsen	
<b>Stryn</b>	Kjetil Mork	
<b>Førde</b>	Heidi Vatsø	Morten Haugum
<b>Naustdal</b>	Ola Sveen	
<b>Flora</b>	Ola Sveen	
<b>Askvoll</b>	Steinar Bauge	Anders Braanaas
<b>Fjaler</b>	Svein Ove Løseth	
<b>Hyllestad</b>	Svein Ove Løseth	
<b>Gulen</b>	Nils Chr. Bjørgo	Pascale Baudonnel
<b>Høyanger</b>	Anders Bjordal	
<b>Sogndal</b>	Jan Helge Løvik	
<b>Luster</b>	Jan Helge Løvik	
<b>Vik</b>	Jan Ove Sagerøy	

Tabell 1: Kontaktpersonar og ansvarsområder i fylket.

Ein viktig jobb for kontaktpersonane har vore å opprette kontakt med grunneigarane og å hjelpe til med å finne og merke reir . Vi treng oppdatert kunnskap om korleis etablerte par med reir og ungar best kan skånaast for å sikre god reproduksjon av den vesle bestanden.

Prosjektet vern Vipa i Hordaland har samanfatta gode råd i den samanhengen.

Figur 3 (under): Merking av reir på Ask, Askvoll



# Endringar i bestand og leveområde


## Hekkeområde for Vipe perioden 1900-2018

Vipa si utbreiing i Noreg har endra seg gjennom dei siste 150 åra. Før og etter århundreskiftet (1800-1900) var vipa ein art knytt til kystområda nord til Lofoten. Ein svært stor del av den norske bestanden var konsentrert rundt Lista og Jæren.

«Udbredelse. Ruger paa passende steder langs hele kysten søndenfor polarcirkelen: undtagelsesvis ogsaa i innlandet (Øieren). Viben er hos os strengt bundet til kystlandskaberne og ruger ikke i landets indre i nogen betydelig afstand fra sjøen Sit hovedtilhold har den på Lister og Jæderen, hvor dens yndlingslokaliteter, myrer og lyngmarker, findes over et areal på 6-8 kvaderatmile...Endnu i 1870-aarene kunde den her sandsynligvis regnes i titusinder.» Collet.(1921)

Frå ca 1920 starta den å breie seg innover og nordover i landet. Dette var truleg og tilfelle i Sogn og Fjordane, og vipa har sidan midten av forrige århundre heikka heilt inn i fjordbotnane og dalene inn mot dei store breane t.d. Øvre Erdal i Oppstryn og Veitastrond i Luster.

«Foruten på Østlandet hekker vipa for tiden alminnelig i en bred stripe langs sør- og vestkysten nordover til Trøndelag.» Haftorn (1971)




Figur 4: Hekkelokaliteter i dei inste fjorddalane, markert med raude stjerner på kartet. Siste hekking Erdal, Stryn 2013, Veitastrond 2012. Vipe i Knipe 2017-2018 6

## Føretrekte leveområde.

Parallelt med at den geografiske utbreiinga endra seg, endra også dei føretrekte leveområda seg. Frå å vere ein art i hovudsak knytt til strandenger, lyngheier og myrområde ytst på kysten vart andelen av hekkande vipe etterkvar i hovudsak knytt til jordbruksareal som beite, eng og åker.

### Sogn og Fjordane.

Utviklinga i Sogn og Fjordane følger utviklinga i resten av landet . Vi har lite fullstendige data som syner hekkeområde frå 1900 og fram til 1990. For åra etter år 2000 gir Artsobservasjonar eit nokolunde bilet av utviklinga i hekkebestanden.



Figur 5: Kartet syner hekkingar av vipe i Sogn og Fjordane registrert på Artsobservasjoner mellom 2000 og 2018. Raud syner hekkelokalitet som framleis er i bruk. Grøn er tidlegare hekkelokalitet.

**Strandenger**, gjerne ved utløpet av dei store elvane i fjordbotnane våre er av dei opphavelege hekkeplassane for vipe. Mange av desse leveområda er øydelagte av tettstadsutbygging og utfylling. Det er påfallande å sjå at vipa framleis hekker ved fleire av dei få lokalitetane av denne typen som er verna og intakt, som Vetlefjordøyra, Bøyaøyra, Leira i Askvoll og ved utløpet av Nausta. Medan den er borte frå dei raserte områda i Stryn, Førde og Nordfjordeid.

Hekking på Vetlefjordøyra, Bøyaøyra, Leira i Askvoll og Ved utløpet av Nausta.



Bøyaøyri sett frå Skredfjellet oktober 2014. Foto: Tom Dybwad

Figur 6: Bøyaøyri sett frå Skredfjellet oktober 2014. Foto Tom Dybwad (Frå forvaltingsplan)



Figur 7: Vipene likar variasjon i leveområdet. Opne dammer og fuktige parti i enga aukar mangfaldet og tilgang av insekt og meitemark. Spesielt i tørre sommar når meitemakken trekker ned i djupare ned i jorda og mange insekt slit med formering. Biletet er frå Naustdal i 2017.

## Litt om årsaker til endringar i populasjon

Mange av årsakene til dei observerte endringane finn ein mest truleg i endringar i måten å drive jordbruk på.

Auken i populasjonen og den geografiske utbreiinga både innover i landet og nordover hadde nok si årsak i at landbruket fram til 1970 var prega av allsidig drift, god tilbakeføring av organisk materiale, og stor grad av fast gjødsel til jorda I tillegg var det lite bruk av pesticider og berre moderat bruk av kunstgjødsel. Maskinene var også meir skånsame og tidspunkta for jordarbeidning og slått, meir gunstig for bakkerugande artar som vipe.

Haftorn refererer også til forsking (Kalela 1955) som peiker på klimaendringar med milde vintrar som ein årsak til at populasjonen auka utover på 1900 talet.

Av moderniseringstiltak i jordbruket som var særleg skadeleg for vipa dei siste 50 åra kan ein nemne overgang frå høy til siloslått, overgang frå fast gjødsel til gylle, større og meir effektive maskiner, auka bruksav sprøytemiddel og auka bruk av kunstgjødsel, noko som mellom anna endra artssamsetnaden og gav ei tettare eng som resultat. Desse tiltaka innebar økonomisk vinning for bonden, men gjorde landbruksarealet mindre eigna som hekkeområde for vipa. Eigenskapane til jorda og samansetninga av plantesamfunnet påverkar kva insekt som finst i jordbruksarealet, og dermed matfatet til vipa. I tillegg er bruken av store maskiner og nye driftsmetodar eit fysisk trugsmål mot reir og ungar.

Karbon er grunnleggjande for det yrande livet i jorda, som og er matfatet til vipa og andre fuglar på deira nivå i næringskjeda. Når karbonrikt organisk materiale som planterester og gjødsel frå dyr resirkulerast tilbake til jord er det maten til milliardar av levande organismer som i sin tid frigjer næring til ny plantevekst og ny karbonbinding gjennom fotosyntesen. Den ubegrensa tilgangen av billig energi frå siste halvdel av 1900 talet og fram til i dag har gjort det mogeleg å produsere og tilføre kulturplantane næring utan å ta hensyn til det grunnleggjande krinslaupet i naturen. Dette har hatt sin pris, ikkje berre for klimaet på kloden, men også for heile økosystemet og det biologiske mangfoldet som så mange skapningar er avhengige av.



Figur 8: Jordbruket har endra seg. Enga er tettare, arbeidet går fortare, og variasjonen er mindre enn i det tradisjonelle jordbruket.

## Predatorar.

Vipene har mange fiendar. Nederlandske forsøk på 15 forsøksfelt har vist at overleving er så låg som 0 - 24 % av klekte kyllingar, derav 70-85 % av ungane som ikkje lev opp blir teke av predatorar, 10-15 % av grasslått og 10-20 % av andre årsaker som svolt og drukning (Schekkerman et al., 2000). Det er grunn til å tru at trenden er den same også i Noreg. Kyllingane kan bli teken av rev og mink, men fugl som kråkefugl, måker, rovfugl og gråhegre syner seg å vere dei viktigaste predatorane. For egg er det annleis. På Hebridane gjekk bestandane av vadefugl dramatisk tilbake då dei innførte piggsvin til øyane (Jackson and Green 2000, Jackson et al. 2004). Her hos oss er reven den store syndaren. Bestanden av rev i Noreg har auka mykje sidan reveskabben dabba av kring 1990.



Figur 9: Collet skriv: «i tidligere aar blevsaledes ikke sjeldan 3000-4000 æg udskibede fra Egersund til England» , - men i dag er det nok reven som er den største eggyven. Biletet syner vipeegg i reir nær ein markør (i framgrunnen) som er sett ut for å hjelpe grunneigaren å ta omsyn til reiret .

Auke i tal kråkefugl og rev kan vere ei viktig årsak til kollapsen i den norske vipebestanden. Eit meir einsformig landbruk kan òg vere med på å auke problemet med predatorar. På eit stort og opent jorde har vipekyllingane lite kamuflasje og er eit lettare bytte, enn på dei gamle einingane som var mindre og bidrog til ein større heterogenitet i landskapet. Intensivering av landbruket med fleire beitedyr per arealeining kan òg føre til auka forstyrring og også større bestand av kråkefugl. Næringsstilgang og kondisjon på både vaksen fugl og kyllingar spelar også ei stor rolle for kor utsett dei er for predatorar. Ei hoe på reir i god kondisjon vil ligge meir i ro og dermed passe egg betre. Kyllingar som finn den maten dei treng lagar mindre lyd og er meir i skjul enn svoltne kyllingar. Predatorar i hekketida, i tillegg til jakt i vinterkvarala, er truleg dramatisk for ein svak vipebestand.

## Næringsstilgang.

Vipene lev i all hovudsak av animalsk føde i form av virvellause dyr som den kan finne i det øvste jordlaget. Meitemakk er den viktigaste føde for vaksne viper, gjerne så mykje som 90%. Redusert mengde av meitemakk avgrensar talet på vipepar som kan levnære seg og ungene på et visst areal. Vipe er avhengig av å hekke i grupper for å beskytte seg mot predatorar. Dermed kan redusert næringstilgang ha ein dobbel negativ effekt på vipebestanden. Mange faktorer har redusert mengda av meitemakk dramatisk, særlegovergang frå fast, gjerne delvis omdanna, gjødsel til gylle og blaut gjødsel, og redusert pH i jord grunna sur nedbør og kunstgjødsel. Meitemakk krever pH over 5 for å trives og formeire seg.



Figur 10: Stor meitemark (*Lumbricus terrestris*) legg att store mengder møkk i haugar på overflata. I fuktig vær kan stor meitemark flytte seg på overflata om natta, og då er dei attraktiv føde for mange fuglar. Vipene veit å gjere seg nytte av dette.

## Pesticider

Dei fleste pesticider,- enten det er mot insekt, sopp eller ugras har ein negativ effekt også på meitemark og andre virvellause dyr, anten ved direkte forgiftning eller indirekte ved at mattilgangen vert därlegare. Ian Newton (Farming and Birds 2017) konkluderar med at kjemikaliar brukt i jordbruket truleg påverkar meitemakkpopulasjonen i endå større grad enn manglande tilførsel av organisk materiale og jordarbeidning.

Eit døme er glyfosat, som produsentane seier er harmlaust, - forsking viser derimot at meitemakken overlever rimeleg bra, men det går ut over både tal egg og klekking av meitemakk-egg. Reproduksjon vert altså drastisk redusert. <https://www.agropub.no/fagartikler/slik-pavirker-ugrasmiddel-et-glyfosat-livet-i-jorda>

**Husdyrmedisin** (Anthelmintica og pyrethroidar) som vert brukt i svært stor grad til behandling av innvortes og utvortes snyltarar på husdyr. Dette er gift som er særskilt giftig for insekt, og som kan komme ut i jord og jordvatn gjennom gjødsel frå dyr som er behandla.

Eng er gunstig for meitemark, og mengde meitemark i eng er gjerne 8-10 gonger større enn i åker som blir snudd og utsett for jordbearbeiding år etter år. Slik sett burde vi vere godt rusta her på vestlandet da det aller meste av jordbruksarealet er eng.

Jordpakking, forsuring og tilførsel av store mengder blautgjødsel med høgt innhold av ammonium og andre stoff som drep meitemakken, bidreg likevel negativt.

Ein annan ting er at vipa møter eit anna landbruk i overvintringsområda, der monokultur på store samanhengande område er det dominerande.

## Korleis auke meitemakkbestanden.

- Unngå jordpakking
- Mest mogleg organisk materiale tilbakeført til jorda
- Spreie små mengder husdyr- gjødsel av gongen, spesielt viktig ved tilførsel av blaut gjødsel eller urin. Bland gjerne med vann.
- Unngå silosuft i gjødsla (separat oppsamling, bland med vann og spreie tynt)
- Unngå å spreie gjødsel på våt jord
- Unngå vekstskifte som tærer på innhaldet av organisk materiale i jorda
- Unngå for låg pH (<5,5), spesielt på leirholdig jord
- Ver varsam med jordfres og liknande reiskapar

Henta frå agropub : [http://orgprints.org/19143/1/Meitemark\\_og\\_jordforbedring\\_nett\\_kvalitet\\_%282%29.pdf](http://orgprints.org/19143/1/Meitemark_og_jordforbedring_nett_kvalitet_%282%29.pdf)

## Eksemplet Ånneland i Gulen

Bruk av kloakkslam for å opparbeide innmarksbeite.



Figur 11: Det viktigaste hekkeområdet for vipe i Sogn og Fjordane i 2018 ligg på Ånneland i Gulen Kommune. Frå eit besøk av Nils Chr Bjørgo og Pascale Baudonnell den 21/5 - 2018.

Småålene på Ånneland er eit areal på ca 240 da på nedsida av vegen. Området er ein mosaikk av beite og dyrka jord. Bønder driv med ammekyr. Det særeigne ved Småålene er ein aktiv kultivering av beitearealet med kloakkslam og gylle. Kultiveringa saman med beitepraksis gjer tydelegvis området svært attraktivt for vipa. Om det er ein betra næringstilgang eller andre forhold som spelar inn her veit vi ikkje sikkert, men det er grunn til å tru det. Området har god variasjon av habitat og kloakkslammet gjer til at det er stor produksjon av insekt som igjen er føde for kyllingane. Variasjonen av habitat gjer det td mogeleg for vipa å finne høveleg reirplass med egna vegetasjon samstundes som hoene kan ta med seg dunungane og finne skjul etter klekking. Beitinga med storfe gjer også at vegetasjon vert helde på eit høveleg nivå gjennom vekstsesongen. Som det går fram av biletet, er det noko slåttemark, det meste beite og noko fjell. Dei mørke flekkane på biletet er kloakkslam. Bonden brukar kloakkslammet til å dekke fjellknausane og utvide/forbetre beiteområdet. Det går også opne kanalar i området der det står vatn noko som bidreg til å auke insektlivet i området ytterlegare. Det er også ein god bestand av sanglerke i området.

Ved eit besøk den 21/5- 2018 vart det registrert 16 pulli og moglegvis 4 kull til. Det vert interessant å følge dette området vidare.



Figur12: Vipe med kyllingar på beite for storfe på Ånneland. Foto: Pascale Baudonnel




Figur 13: Få dager gammel vipekylling på Ånneland 21/5-2018 Foto: Pascale Baudonnel

## Resultat av kartlegging i prosjektperioden 2017-2018

Vi har registrert tal på individ, par og pulli .

Tal individ er det enklaste å få riktig ved observasjon i felt. Vi har prøvd å beregne kor mange par på kvar lokalitet ved å bruke skjøn i forhold til tal individ. Tal dunungar er usikkert for mange av lokalitetane og her har vi berre ført inn sikre tal. I høgt gras kan det vere svært vanskeleg å få rett tal eller i det heile sjå dunungar.  
Lokalitetane er i liten grad følgd opp for å sjå etter flygedyktige ungar.


Par med hekkeåtferd er registrert på 11 lokaliteter i SFJ i 2017 og på 10 lokaliteter i 2018. Vellukka hekking (registrert pulli) er registrert på 4 lokaliteter i 2017 og 5 lokaliteter i 2018.



Figur 14: Registrerte individ, par og dunungar på hekkelokalitetane i Sogn Fjordane 2017-2018. Utviklinga som tabellen syner (oppgang frå 2017-2018) når det gjeld par og dunungar er truleg meir et uttrykk for usikre registreringar enn reell utvikling.

## Hekkeområde for Vipe i Sogn og Fjordane 2017-2018

Askvoll Kommune - Flatemål km<sup>2</sup> 326,50



Figur 15: 3 lokalitetar medhekking i Askvoll kommune i 2017-2018.

Området Ask, Leira og Ringstad er i dag ein av dei viktigaste hekkelokalitetane i fylket. Alle tre hekkelokalitetane ligg ved Askvika naturreservat. Leira ligg i våtmarksområde inne i sjølve reservatet.

Lokalitet	Type	Ind	Par	Dun- ungar			Ind	Par	Dun- ungar	
					2017	2017	2017	2018	2018	2018
Ask	Fulldyrka, Brakk 2017, Attlegg eng 2018	(2)	1	4				4	1	4 egg
Leira	Våtmark, naturreservat	5						2	1	Varslende ad
Ringstad	Fulldyrka, Brakk 2017, Attlegg eng 2018	12	5		Truleg bra resultat		6	2		Eggeskall sett

Tabell 2: Hekking i Askvoll kommune 2017-2018.




Figur 16: Hekkelokalitet på Ringstad i Askvoll kommune. 5 par i 2017 og min2 par i 2018. Vansklig å få oversikt over evt dununge på grunn av åpent landskap, lang avstand og mye vegetasjon. Foto. Steinar Bauge



Figur 17: Hekkelokalitet Ask i Askvoll. Vellukka hekking i 2017 då jordet låg brakk pga den fuktige sommaren. Merking og flytting av reir i samband med jordarbeiding i 2018. Truleg mislukka hekking pga uroing eller predasjon. Foto: Steinar Bauge

## Førde Kommune - Flatemål km<sup>2</sup> 586,50



Figur 18: Haukedalen i Førde Kommune, lokalitetar for hekkende vipe i 2018.

Førde kommune har to kjende hekkelokalitetar i 2017-2018

Ein av desse, Haukedalen, er i dag ein av dei viktigaste hekkelokalitetane i fylket.

Den andre lokaliteten, som ligg på Indre Øyrane i Førde sentrum, har vore årvisse hekkelokalitet fram til 2017. Ingen hekking i 2018. Området er no omregulert til bustader og vil bli øydelagd som hekkelokalitet.

Lokalitet	Type	Ind	Par	Dun- ungar		Ind	Par	Dun- ungar	
		2017	2017	2017	2017	2018	2018	2018	2018
Haukedalen		(12)	6			(6)	3	6	
Øyrane	Fulldyrka, Ny eng	(2)	1	2		0			

Tabell 3: Hekking i Førde kommune 2017-2018

Tidlegare hekkelokalitetar i Førde: Moskog: eit par hekkande 2013  
Indre Åsane: mogeleg hekking 2010

## Naustdal Kommune - Flatemål km<sup>2</sup> 369,89



Figur 19: Naustdal i Sunnfjord med tre områder for observasjon av hekkande vipe i 2017-2018.

Naustdal sentrum/Jonstad er i dag ein av dei viktigaste hekkelokalitetane i fylket

Lokalitet	Type	Ind	Par	Dun- ungar			Ind	Par	Dun- ungar	
		2017	2017	2017	2017	2017	2018	2018	2018	2018
Sentrum	Fulldyrka, Eng, delvis brakklagt	(4)	2	3	Ei vellukka hekking+4 egg forlatne. Ad vipe drepene av svartbak		4	2	6	To reir øydela gde av måse.
Jonstad	Fulldyrka, Eng						(6)	3	6	

Tabell 4: Hekking i Naustdal kommune 2017-2018

## Eid Kommune - Flatemål km<sup>2</sup> 469,21



Figur 20: Eid kommune med eit område for hekkende vipe 2017-2018.

Tippamyrane er einaste kjende hekkelokalitet i Eid Kommune


Lokalitet	Type	Ind	Par	Dun- ungar		Ind	Par	Dun- ungar	
		2017	2017	2017	2017	2018	2018	2018	2018
Tippemyra	Fulldyrka. Eng og attlegg	(4)	2			(4)	2		

Tabell 5: Hekking i Eid kommune 2017-2018.



Figur 21: Bilete syner rugande vipe frå Tippemyra 5/6 -2018. Foto: Torleif Jakobsen.

## Gloppen Kommune - Flatemål km<sup>2</sup> 1 030,26



Figur 22: Kartet syner tidlegare hekkelokalitet på Byrkjelo i Gloppen.

Lokalitet	Type	Ind	Par	Dun- ungar		Ind	Par	Dun- ungar	
		2017	2017	2017	2017	2018	2018	2018	2018
Byrkjelo	Fulldyrka eng					1			Fluktspel 22/5-2018

Tabell 6: Sannsynleg hekking på Byrkjelo i Gloppen kommune 2018.

### Tidlegare hekkelokalitetar i Gloppen

Bukta fuglefredingsområde; Mykje vipe rastar under trekk på lokaliteten, men ho er også påvist hekkande blant anna i 2009 og 2010

Rygg,Gimmestad; Eit par 2008, 4 par i 2011 og eitt par i 2015

Ryssdalen; eit par hekka 2008

Høylo-Lunde; mogleg eitt par 2008

Mardal; 2 par hekka 2009

## Gulen Kommune - Flatemål km<sup>2</sup> 597,16



Figur 23: Småålane/Ånneland er i dag ein av dei viktigaste hekkelokalitetane i fylket.

Lokalitet	Type	Ind	Par	Dun- ungar		Ind	Par	Dun- ungar	
		2017	2017	2017	2017	2018	2018	2018	2018
Småålane	Overflatedyrka eng, beite til storfe	6	3	2		16	8	16	Mogleg 4 kull til

Tabell 7: Hekking i Gulen kommune 2017-2018.

Sjå side 11 i rapporten for meir utfyllande informasjon om lokaliteten på Småålane.

Tidlegare hekkelokalitetar i Gulen.


Steinsvatnet: eitt par, hekka 2011 og 2012

Storevatnet: eitt par hekka 2009,2010 og 2011

Kvernhusdalen: eit par hekka 2010

Mjømna: mogleg hekking, eitt par i 2009 og tre par i 2010

## Sogndal Kommune - Flatemål km<sup>2</sup> 745,97



Figur 24: Bøyaøri naturreservat.

Bøyaøri er i dag ein av dei viktigaste hekkelokalitetane i fylket . To til fire par har hekka på lokaliteten frå 2014-2018

Bøyaøri er våtmarksområde og naturreservat. Hekketerritorium for vipa ligg delvis på den dyrka marka nord for våtmarksområdet.

Lokalitet	Type	Ind	Par	Dun- ungar		Ind	Par	Dun- ungar	
		2017	2017	2017	2017	2018	2018	2018	2018
Bøyaøri	Våtmarksområde, grenser mot fulldyrka eng	(6)	3			(8)	4	4	


Tabell 8: Hekking i Sogndal kommune 2017-2018.

Tidlegare hekkelokalitetar i Sogndal Kommune.

Dalavatnet/Selseng: Eitt par regelmessig hekkande frå 1997-2017

Kaupanger travbane: mogleg eitt par hekkande 2011

## Balestrand Kommune - Flatemål km<sup>2</sup> 429,84



Figur 25: Vetlefjordøyri naturreservat.

Innfelt bilet: 13 individ rastande på Vetlefjordøyri 26/8-17. Foto: Stig Nesbø (Artsobservasjoner.no)

På Vetlefjordøyra hekka det framleis eitt til to par i rapportperioden, men lokaliteten er ikkje tilstrekkeleg sjekka.

Lokalitet	Type	Ind	Par	Dun- ungar		Ind	Par	Dun- ungar	
		2017	2017	2017	2017	2018	2018	2018	2018
Vetlefjordøyri	Våtmarksområde, Grenser mot fulldyrka eng	(4)	2		13 ind 26/8	(2)	1	3	


Tabell 9: Hekking i Balestrand kommune 2017-2018.

### Tidlegare hekkelokalitetar i Balestrand

Esefjorden: hekking i 2011, truleg hekking også i 2008 og 2012


## Tidlegare mogelege hekkelokalitetar i Sogn og Fjordane.

Oversikt over tidlegare observasjonar av vipe, der mange truleg er hekkelokalitetar..



Figur 26:  
Funn fra  
artsobservasjonar  
Mai-juli 1990-2018

(Her kan og vere med  
funn av individ som  
ikkje hekka)



Figur 27:  
Mai-juli 2017-2018

Vipe i Knipe 2017-2018

## Hekkelokalitetar i dei øvrige kommunane i fylket.

---

### Flora - Flatemål km<sup>2</sup> 691,86

Få funn av vipe i kommunen i nyare tid og ingen kjende hekkelokaliteter lenger

Nærøya: Data frå lokaliteten 1952,1953 og 1954 syner 10-25 viper, truleg var dette ein hekkelokalitet.

Grøneng: Hekkeobservasjonar på lokaliteten på 80-tallet

Andalsvatnet Stavøya: Mogleg hekking 2012

---

### Solund - Flatemål km<sup>2</sup> 228,46

Ingen kjend hekkelokalitet.

---

### Hyllestad - Flatemål km<sup>2</sup> 259,06

Ingen kjende hekkelokalitetar i dag, men det hekka truleg nokre par i Skor naturreservat på 80-tallet

---

### Høyanger - Flatemål km<sup>2</sup> 907,95

Sørestrandsvatnet: Eitt par hekka i 2009

Bjordal: Registrert hekking av nokre få par frå 1971 til siste gang i 2009

Høgebakkane: Eitt par hekka i 2009

Stordalen kraftstasjon: Eitt par hekka truleg på lokaliteten 1984

---

### Aurland - Flatemål km<sup>2</sup> 1 467,91

Ingen kjende hekkelokalitetar.

---

### Lærdal - Flatemål km<sup>2</sup> 1 342,42

Tønjum: Eitt par hekka i perioden 2008-2012

Det blir årleg sett ein del vipe frå Lærdalsøyri og opp Lærdalsdalen, men det er ikkje stadfesta hekking andre stadar enn Tønjum

---


### Årdal - Flatemål km<sup>2</sup> 976,42

Ingen kjende hekkelokalitetar. Vipe er faktisk ikkje rapportert frå kommunen, årsaka til det er nok svært litra rapportering.

## Vik - Flatemål km<sup>2</sup> 833,39

Vangsnes: Lokaliteten er fast sjekka sidan 2009. Hekking av 2 par i 2009 og eit par i 2010.

■ Største flokk Vangsnes vårtrekk



Figur 28: Vangsnes i Vik Kommune er fast rastepllass for vipe under trekk, og teljingar frå 2009 viser ein stor nedgang i tal individ på trekk

Rosheim: truleg hekking av eitt par i 2016

Vipe hekka i kommunen for nokre tiår sidan på stølane Sendedal og Kalbakk

## Luster - Flatemål km<sup>2</sup> 2 706,55

Mo, Hafslo: Hekking 2010

Kvamsbukta, Hafslo: Hekking 2014

Området kring Hafslovatnet har nok vore ein god hekkelokalitet i tillegg til rastepllass under trekk. Men det har ikkje vore påvist hekkande vipe sidan 2014.

Også tal individ på trekk har gått kraftig ned, frå heile 230 individ i 1990, til 6 individ i 2016, 5 individ i 2017 og 2 individ i 2018

Veitastrond: Eit par hekka på stølen i 2010 og 2011, truleg eit par ved Sva i 2016 og 2 par ved Nesøynane i 2016

## Fjaler - Flatemål km<sup>2</sup> 416,17

Lone, Hellevik: eitt par hekkande i 2012-2014

Fure og Furenæset er ein rastepllass for Vipe, det blir no sett småflokkar på fire til åtte individ årleg, attende til 1989 rasta det omlag 100 vipe på Fure.

## Gaular - Flatemål km<sup>2</sup> 581,95

Bringelandsvatnet: Bekrefta hekking i 2011, men sett vipe same stad i 2010,2013 og 2014

Vipe i Knipe 2017-2018

Hestad: Truleg eitt par som hekka 2008  
 Skilbreivatnet: Eitt par hekka 1988

### Jølster - Flatemål km<sup>2</sup> 670,38

Skei: Området frå Fuglevatnet til Fossheimsvatnet, eitt til fem individ sett i hekkeperioden frå 2010 til 2015

Det vert sett vipe langs Jølstravatnet i hekkeperioden årleg, men det er ikkje bekrefta hekking.  
 Mogleg hekking ved Årdal og Århus.

### Bremanger - Flatemål km<sup>2</sup> 832,85

Ingen kjende hekkelokalitetar.

### Vågsøy - Flatemål km<sup>2</sup> 176,51

Skitnevatnet: Mogleg at eitt par hekka i 2005

### Selje - Flatemål km<sup>2</sup> 226,11

Leikanger, Stad: Eitt par hekka i 2007

### Hornindal - Flatemål km<sup>2</sup> 191,60

Orremyra: eitt par var observert på lokaliteten i 2017, men det er usikkert om dei hekka.

### Stryn - Flatemål km<sup>2</sup> 1 377,78

Øvre Erdal/Erdalssætra: Hekking avto par i 2013, mogeleg to par i 2018.

Olden: eitt par hekka i 2011

Oldevatnet Sør: Mogleg at to par hekka i 1990

Utløpet,Floen: Eitt par hekka i 2011

## Litteratur/kjelder:

- Artsobservasjoner. Rapportsystemet for arter. Tilgjengelig fra: <http://www.artsobservasjoner.no>,  
Collet R, 1921 Norges Fugle. Bind 2  
Gjerde H, Heien A, Simonsen H, Ågren L. Rapport 2017. Vern vipa i Hordaland. NOF avd Hordaland  
Haftorn S, 1971 Norges Fugler  
Heggøy, O. & Øien, I.J. 2015. Vipa går en usikker framtid i møte. Vår fuglefauna 37: 114-127.  
Heien A, Simonsen H, Ågren L, Rapport 2018, Vern vipa i Hordaland, NOF avd. Hordaland  
Newton I, (2017) Farming and Birds  
Shimmings P, Øien I.J. Rapport 2 2015, NOF Bestandsetimater for norske hekkefugler.  
Ågren L, Bjordal A, Heien A, Grastveit I, Simonsen H. Rapport 12-2015. Vern vipa i Hordaland. NOF 2015



Figur 29: Vipe dununge frå Ask i Askvoll kommune 2017. Den våte forsommaren i 2017 hindra jordarbeiding for bøndene og gjorde at vipene fekk fram ungar utan å bli forstyrra.

Norsk Ornitoligisk Forening - Rapport 2-2015

**Tabell 31.** Fylkesvis oversikt over den norske vipebestanden i perioden 2011-2013. De fleste tallene er anslag basert på tettheter og dekningsgrad, men for noen sylinder tilsvarer tallene antallet viper rapportert i Artsobservasjoner. Tabellen er i sin helhet hentet fra Heggøy & Øien 2014b.

Vipe	Min	Maks	År	Kilde
Finnmark	30	50	2011-2013	Artsobservasjoner 2014, Heggøy & Øien 2014b
Troms	100	200	2011-2013	Artsobservasjoner 2014, Heggøy & Øien 2014b
Nordland	400	600	2011-2013	Artsobservasjoner 2014, Heggøy & Øien 2014b
Nord-Trøndelag	500	750	2011-2013	Artsobservasjoner 2014, Heggøy & Øien 2014b
Sør-Trøndelag	550	700	2011-2013	Artsobservasjoner 2014, Heggøy & Øien 2014b
Møre og Romsdal	400	600	2011-2013	Artsobservasjoner 2014, Heggøy & Øien 2014b
Sogn og Fjordane	100	150	2011-2013	Artsobservasjoner 2014, Heggøy & Øien 2014b
Hordaland	300	350	2011-2013	Artsobservasjoner 2014, Heggøy & Øien 2014b
Rogaland	2 700	3 300	2011-2013	Mjølsnes 2014, Heggøy & Øien 2014b
Vest-Agder	150	150	2011-2013	Olsen 2012, Heggøy & Øien 2014b
Aust-Agder	100	200	2011-2013	Artsobservasjoner 2014, Heggøy & Øien 2014b
Telemark	150	200	2011-2013	Artsobservasjoner 2014, Heggøy & Øien 2014b
Vestfold	200	300	2011-2013	Artsobservasjoner 2014, Heggøy & Øien 2014b
Buskerud	200	300	2011-2013	Artsobservasjoner 2014, Heggøy & Øien 2014b
Oppland	400	700	2011-2013	Artsobservasjoner 2014, Heggøy & Øien 2014b
Hedmark	400	600	2011-2013	Artsobservasjoner 2014, Heggøy & Øien 2014b
Oslo og Akershus	300	400	2011-2013	Artsobservasjoner 2014, Heggøy & Øien 2014b
Østfold	400	500	2011-2013	Artsobservasjoner 2014, Heggøy & Øien 2014b
<b>Norge</b>	<b>7 380</b>	<b>10 000</b>		
Forrige estimat	40 000	80 000	1990-2003	BirdLife International 2004

Figur 30: Faksimile fra NOF Bestandsetimater for norske hekkefugler. (Shimmings P, Øien I J. Rapport 2 2015)

